

Rektor/Styret ved Høgskolen i Bergen

Saksbehandlar: Håvard Ulstein
Tlf: +47 55585887



HØGSKOLEN
I BERGEN

BERGEN UNIVERSITY COLLEGE

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Att. Gro-Helene Sperre Risnes

Vår dato: 10.11.2014 Vår ref: 2014/3272
Dykkar dato: Dykkar ref: 14/3741

Høringsfråsegn - forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning

Vi viser til brev av 3. oktober der Høgskulen i Bergen blir invitert til å kome med ei høyringsfråsegn om forslaget til endringar i §4-7 i forskrift om opptak til høgare utdanning. I tråd med Lærarløftet blir det føreslått ei skjerping av karakterkravet i matematikk (224 timar) frå karakteren 3,0 til 4,0. Grunngevinga for ei slik skjerping er eit mål om auka kvalitet i utdanninga.

Høgskulen i Bergen er positive til skjerpa opptakskrav til dei som skal ta grunnskulelærerutdanning og lektorutdanning, på same måte som vi ønskjer krav om fagleg og pedagogisk kompetanse i grunnskulen. Høgskulen stiller seg likevel kritisk til forslaget og har eit forslag som vi trur vil vere meir i samsvar med lærarutdanningsinstitusjonanes tilbod.

Skjerpa opptakskrav i berre eitt fag? Skal ein først skjerpe karakterkravet for opptak til grunnskulelærerutdanningane og lektorutdanningane, så er vil eit skjerpa karakterkrav i alle inntaksfag etter vårt syn vil vere betre.

Lærarløftet viser til samanhengen mellom auka krav til opptak og at studentane klarer seg betre. For ein student som skal ta grunnskulelærerutdanning for 5.-10. trinn med faga norsk og engelsk, vil det etter lærarløftets tankegang vere minst like viktig å ha karakteren 4,0 i desse to faga som det er å ha det i matematikk. Det same vil gjelde for mange som ønskjer å ta lektorutdanning.

HØGSKOLEN I BERGEN
BERGEN UNIVERSITY COLLEGE

+47 55 58 75 00
post@hib.no
hib.no

ORG.NR: 974 652 366

CAMPUS KRONSTAD:

Inndalsveien 28
5063 Bergen

CAMPUS MØLLENDALSVEIEN:

Møllendalsveien 6-8
5009 Bergen

POST:

Postboks 7030
N-5020 Bergen

FAKTURA | INVOICE:

Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
N-0614 Oslo

Mange lærarutdanningsinstitusjonar, som Høgskulen i Bergen, gir eit grunnskulelærarutdanningstilbod for 5.-10. trinn som gir søkarane høve til å velje mellom mange fag. Valfridomen gir søkarane også høve til å ikkje velje matematikk. Vi ser det derfor som eit uheldig signal at berre matematikkfaget skal ha eit skjerpa karakterkrav og kravet kan få uheldige konsekvensar. Eit døme på det er at ein som søker om studieplass ved HiB på grunnskulelærarutdanning for 5.-10. trinn med faga norsk og engelsk og som har svært gode karakter i dei nemnde faga, men berre 3,0 i matematikk, vil bli forbigått av alle som har 4,0 i matematikk. Nedslagsfeltet for t.d. grunnskulelærarutdanninga for 5.-10. trinn er primært ungdomstrinnet. Der skal ein følgje kompetanseforskriftas krav til studiepoeng i faga ein skal undervise i. Med departementets forslag til karakterskjerping, vil mange potensielt gode lærarar i resten av skulefaga vere utanfor rekkevidde.

Tidspunkt for iverksetting? Det er varsla at den femårige grunnskulelærarutdanninga skal starte opp hausten 2017. Det vil, etter høgskulens syn, vere meir naturleg å utsette iverksetting av karakterkravet slik at det blir samtidig med dei komande masterutdanningane.

Kompensatoriske forkurs? Høgskulen i Bergen har lang og god erfaring med kvalifiserande kurs for ingeniørutdanning og rekrutterer årleg 15-20% av studentane frå slike kurs. Høgskulen stiller seg likevel avventande til departementet har konkretisert kva som ligg i dette.

Med helsing

Ole Gunnar Søgne
rektor

Audun Rivedal
høgskoledirektør